

A group of children and an adult are walking away from the camera on a paved path that leads towards a bright sunset. The sun is low on the horizon, creating long, dark shadows of the group on the path. The sky is a mix of orange, yellow, and blue. To the left of the path is a field of tall, golden grass. In the background, there are dark silhouettes of trees and hills. A tall, thin lamppost stands on the left side of the path.

- du finn oss i skog,
mark og fjøre, uansett føre!

RØRSTADMARKA BARNEHAGE

ÅRSPLAN DEL 2 KALENDERPLAN 2025-2026

INNLEIING

INNHALD

- Innleiing s. 2
- Bursdagsfeiring og dagsrytme s. 3
- Personal s. 4
- Barnegrupper s. 5
- Hovudtema s. 6 - 7
- Metodiske opplegg s. 8
- Marihøna s. 9
- Humla s. 10
- Bikuba s. 11
- Kalenderdel s. 12 - 37
- Overgangar s. 38
- Barnehagerute s. 39
- Progresjon i barns utvikling s. 40

KALENDERPLAN

Årsplan del 1, frå A til Å, inneheld informasjon som ikkje endrast frå det eine året til det neste. Årsplan del 2 er utforma som ein kalender og kjem ut i ny utgåve kvart barnehageår. Informasjon om barnehagen og avdelingane er fremst. Kvar månad står det litt generelt om temaet vi jobbar med. Årsplanen må sjåast i samanheng med informasjon på vår digitale plattform på Kidplan. Der legg gruppene ut eigen periodeplan når det blir nytt tema, og dei oppdaterte vekeplanane vil ligge der. I kalenderdelen til årsplanen har vi lagt inn det vi kjenner til om fridagar, planleggingsdagar, felles arrangement, bursdagar osv.

E-POST OG TELEFON

Kidplan er vår primære kommunikasjonsplattform med føresette, utanom den daglege kontakta i garderoben. Der sender vi mellom anna ut diverse informasjon, innkalling til foreldresamtalar, push-varsler på planar og bilder vi har lagt ut. Det er derfor viktig at barnehagen har rett e-postadresse og telefonnummer til føresette. Faktura for barnehageplass blir også sendt ut med e-post.

Rørstadmarka barnehage SA
Rørstadmarka 25, 6035 FISKARSTRAND

Tlf: 70 19 40 50

Kontoret: tast 1

Marihøna: tast 2 (469 17 387)

Bikuba: tast 3 (468 66 215)

Humla: tast 4 (468 99 479)

Førskulegruppa: tast 5 (468 45 762)

E-post: post@rorstadmarka-barnehage.no

Nettside: <http://rorstadmarka.barnehage.no>

Følg oss på Facebook!



Barnehagen er medlem av PBL,

Private Barnehagers Landsforbund

E-postadresse: post@rorstadmarka-barnehage.no

BURSDAGSFEIRING

Bursdagane blir feira på barnet si gruppe.

Vi flaggar for barnet og heng ut bursdagslapp på ytterdøra. I forkant av dagen får barnet lage seg bursdagskrone og får velje kva mat vi skal ha den dagen. Da kan dei velje mellom:

- Grønsaker og dip
- Frukt med vaniljekesam
- Grønsaksuppe med brød
- Tomatsuppe med brød og evt. egg
- Havregrynsgraut
- Smoothie

Barnet får velje sjølv kva vi skal gjere på i bursdagssamlinga. Det kan vere ein lek, lese favoritt boka/eventyret, ha songsamling og liknande. Barnet får sitte i bursdagsstolen med bursdagskrone, vi syng bursdagsong og vi koser oss med god og sunn bursdagsmat. På Marihøna blir val av bursdagsmat gjort i lag med foreldra.

Desse symbola blir brukt i kalenderen når eit av barna har bursdag:



Når vi serverer frukt og grønt til barna bør halvparten vere grønnsaker, den andre halvparten frukt eller bær.

DAGSRYTME

06.30	Barnehagen opnar. Vi et frukost og leikar
09.00	Frukost er ferdig
09.30-14.00	Gruppedeling og tilrettelagte aktivitetar (sjå vekeplan) og lunsj.
Ca 14.00	Lett måltid inkludert frukt Frileik inne og ute
16.30	Barnehagen stenger

Dagsrytma kan sjåast som eit rettleiande verktøy i planlegginga vår. Sjå kalender i Kidplan for dagsrytma som gjeld dei ulike gruppene/avdelingane.

FRUKT OG GRØNT

Rammeplan for barnehagen seier at vanar og handlingsmønster tek form allereie frå tidleg alder.

Helsedirektoratet skriv i sine anbefalingar for mat i barnehagen at det bør serverast grønnsaker og frukt eller bær kvar dag. Vi serverer oppkutta grønnsaker og frukt til lunsj og ettermiddagsmåltid. Vi anbefalar foreldre å legge ved litt frukt og grønt til barna som har med eigen frukost.

PERSONALET

MARIHØNA

ANNE
SOFIE
LINDA
MARTINE

HUMLA

ANCA
JORUNN
ELIN
TRINE

BIKUBA

REBEKKA
KRISTINE
HELENE
STINE
WENCHE

KONTORET

KRISTIN



Faste vikarar og studentar som skal vere i barnehagen vil bli presentert med oppslag på avdelinga.

BARNEGRUPPENE

MARIHØNA

EMILIE
ASLAK
LUNA
ELISA MALENE
PETER
NELLY
NOAH
MARIELLA
ANAIAH
ASKILD
HENRIK
HAILEY EVA

HUMLA

OLINE
SAMUEL
HELENE
SEBASTIAN
ALEAH
NOEMI HEIDI
ANNA

LYDER
AGNES
OLIVER
NEITAS
JOHANNES
LUKA
ANN MARIE
MILLIE
NORA
LOUIE

BIKUBA

MARIUS
ANDREJ
FREDRIK
VINCENZO
ELLA
SARA TERESA
INE
KORNELIA
ALVILDE
ADA

NOA
LUKAS
OLIVER
MICAIAH
PHILLIP
ELINE
KAJA
MATHILDE S.
MATHILDE M.
ULRIK
BASTIAN
SYNNE
AILO



BØKER OG EVENTYR

Aldri før har vi lest færre bøker i Norge. I takt med dette kjem rapportar om synkende leseferdigheiter hos barna. Å meistre kunsten å lese er heilt sentral for å tileigne seg kunnskap gjennom heile livet. Men det å lese er også ein nøkkel for å få tilgang på eit heilt univers av historier, eventyr og gir tilgang til både draumar og fantasiar.

Vegen til å vekke barn si leselyst startar lenge før skulestart med bokstavinnlæring og dei første leseleksene. Barn lærer ikkje å prate utan å vere i eit aktivt språkmiljø, det vil seie vi vaksne rundt barna må prate. Vi tenker at på same måte vekker vi barnet si leselyst ved å lese for det.

Lesing er vektlagt i Rammeplan for barnehagen, som blant annet sier at barna skal møte «ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, sanger, litteratur og tekster fra samtid og fortid» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 47–48).



Professor Liv Gjems ved høgskolen i Sørøst-norge skriv at grunnlaget for litterasitet (norsk for *early literacy*) leggst frå barn blir fødd. Kvaliteten på det munnlege språkmiljøet barn veks opp i har stor betydning for korleis barn tileignar seg både munnleg og skriftleg språk. Barnehagane representerer viktige språklæringsarena for barn. Samtalen som læringsarena for ord, grammatikk og ulike tema som opptar barna, i tillegg til høgtlesing som ein sentral, dagleg aktivitet har stor betydning for barns tileigning av språk og seinere litterasitet. Høgtlesing i barneåra er både hyggeleg og presenterer barn for eit språk som gjerne er meir avansert og rikt enn det daglegdagse språket barn møter heime og i barnehagen. (https://videnomlaesning.dk/media/2413/23_liv-gjems.pdf , LIV GJEMS, PROFESSOR, HØGSKOLEN I SØRØST-NORGE, dato: 10.06.25)

BØKER OG EVENTYR

Dette barnehageåret skal vi i Rørstadmarka barnehage ha fokus på bøker og eventyr der vi vaksne skal lese mykje for barna. Etter kvart som vi møter nye perioder og tema gjennom barnehageåret skal vi finne bøker og eventyr som passar til temaet. Vi håper foreldra vil vere med på dette og ha fokus på å lese høgt for barna heime. Ei fast lesestund for barnet på sengekanten, for eksempel.

Gjennom å lese bøker og eventyr for barna kan vi faktisk gjere ein forskjell!


Liv Gjems (2023) skriv om studier som er gjennomført mellom anna i Norge (Melby-Lervåg, 2011) og i USA (Dickinson & Porche, 2011) som viser at allereie når barn er tre – fire år er det stor forskjell på kor mange ord barna kan, at disse forskjellene har ein tendens til å vedvare, og til og med auke oppover i skulealder. Ved å bruke eit rikt ordforråd gir vi barna eit betre utgangspunkt for vidare språk- og leseutvikling. Dei treng ikkje å kunne, eller bruke orda, men å ha møtt dei.

Ved lesing av ulike bøker får vi tilgang på eit allsidig språk, og gir samtidig barna tilgang på magien som vi finn i ei historie.

Bøkene i bokhylla eller biblioteket har fått ein konkurrent i YouTube, Disney og all lett tilgjengeleg underhaldning som er nokre få tastetrykk unna. Det krev ei bevisst haldning og handling frå oss vaksne som er rundt barnet. Som rollemodellar må vi tenke over kva vi gjer i lag med barnet og kva barnet kan observere at vi gjer. Skal barn i barnehagealder få lyst til å lese bøker må det erfare gleden over å bli lest for, og sjå at det er noko vi vaksne også prioriterer.

Kompetanseheving for personalet legg seg inn under dette temaet.

I Sula er det sett i gang eit tverrfagleg arbeid med «språkløyper» som skal sette fokus på skulebarna sine leseferdigheiter. I prosjektgruppa skal barnehage, barneskule, ungdomsskule, bibliotek og helsestasjon med fleire i samarbeid med høgskulen i Volda utarbeide språkløyper for personalet som skal sikre eit systematisk tiltak for sulabarna heilt frå starten.



VI JOBBAR MED

TRAS

Tidleg Registrering Av Språk- utvikling - i dagleg samspel

Som fleire barnehagar i Sula kommune, brukar vi ved behov eit kartleggingsmateriale som skal auke kunnskapen rundt barna si språklege utvikling, samt bidra til at barn som strevar med språkutviklinga blir registrert og får hjelp på eit tidleg tidspunkt.

Utarbeidd av: Bredtvet kompetansesenter.

ALLE MED

Dette er eit observasjonsskjema som gir eit heilskapleg bilde av kva barnet meistarar. *Alle med* dekkjer seks utviklingsområde: leik, trivsel, kvardagsaktivitetar, sansemotorisk utvikling, språk og sosio/emosjonell utvikling. Dette er eit observasjonsmateriale som følger barnet frå 1-6 år og som er til hjelp for personalet i det pedagogiske planleggingsarbeidet.

BARNEMAPPE

Kvart barn får si eiga barnemappe når dei startar i barnehagen. I denne vil vi samle bilete, teikningar, meistringar og opplevingar som barnet har hatt i barnehagen. Dette gjer vi for å kvalitetssikre og dokumentere arbeidet vårt i barnehagen. Barnet får den med heim når det sluttar i barnehagen.

MOTO

MoTorisk leik og læring i barnehagen

For kvar månad gjennom året har vi fokus på ulike sansemotoriske områder, med aktivitetskort utarbeidd av fysio- og ergoterapeut i Sula i samarbeid med Molvær barnehage. Områda skal sikre at heile kroppen blir med, aktivitetane på korta gjer at vi øver på nødvendige ferdigheiter. Månadens MoTo-tema står øvst på kalenderdelen i årsplanen.

LIVET & SÅNN



Barnehagane, skulane, PPT og helsestasjon i Sula kommune møter dei same barna og jobbar i fellesskap med å gi dei språk og verktøy til å meistre livet og dei utfordringane dei kan møte. Livet & sånn er eit gratis opplæringsmateriale for folkehelse og livsmeistring, utarbeidd av Ålesund kommune med støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Livet & sånn er tilrettelagt for barnehagealder og alle klassetrinna ut grunnskulen. På nettsida www.livetogsann.no er det tilgjengelege ressursar for barna, heimen og tilsette. Med fokus på følelsar får vi lære om ulike følelsar, korleis dei kjennest ut i kroppen, kva eg skal med følelsar, korleis eg kan handtere dei og kva dei vil fortelje meg.



MARIHØNA

BARNA:

Emilie
Aslak
Luna
Elisa Malene
Peter
Nelly
Noah
Mariella
Anaiah
Askild
Henrik
Hailey Eva

«Omsorg og trygghet, ein god start på Marihøna»

På Marihøna finn vi dei yngste barna i barnehagen. Mange barn og foreldre møter barnehagelivet for første gong, noko som kan vere litt skummelt. Omsorg og tryggleik står i fokus her, og dei vaksne er mykje på golvet i lag med barna der vi leikar. Vi jobbar for at barna skal bli trygge, og då er det viktig at vi er tilgjengelege der dei er. Vi har fokus på gode rutiner og forutsigbarheit. Eit godt samarbeid med foreldra er særskild viktig for at vi skal kunne ivareta barnet på best mogleg måte. Vår oppgåve her med dei yngste blir å skape trygge rammer for barn og foreldre, og skape eit godt og inkluderande miljø for alle.

I år ønsker vi å finne leseglede gjennom bøker og eventyr. Her på Marihøna vil vi ha spesielt fokus på eventyret om Bukkene Bruse. Det er eit fengande og spennande eventyr, som barn i alle aldrar kan finne glede i. Barna er i ein alder der dei lærer nye ting heile tida, både språkleg, motorisk og sosialt. Vi ser i bøker, fortel eventyr og bruker språket aktivt i lag med barna. I leiken øver vi på å dele, og det å vente på tur. I det daglege øver vi også på sjølvstendigheit saman med barnet. Barn likar å prøve sjølv og blir glad og stolt når dei meistarar.



BARNA:

Lyder
Agnes
Oliver
Neitas
Johannes
Luka
Ann Marie
Millie
Nora
Louie
Oline
Samuel
Helene
Sebastian
Aleah
Noemi Heidi
Anna

HUMLA

«Alle skal ha ein venn»

Barnehagen skal også i år jobbe med temaet inkludering, med bøker og eventyr som hovudfokus. Å auke språk og leseforståinga blant barna som veks opp no, er eit mål vi alle vil jobbe for. Vi vil samarbeide med biblioteket i Sula, både ved å låne bøker med dei, kanskje få til eit besøk til dei eller av dei, og elles oppfordre alle om å nytte seg av bøkene dei har til låns. Høgtlesing for barn er viktig for å auke språkferdigheitene deira, og ikkje minst er språket ein veldig viktig del av det sosiale samspelet barnet er ein del av. Barn brukar språket sitt i interaksjon med kvarandre, anten med lydar, kroppsspråk eller ord og setningar. Om barnet er sosialt aktivt, vil også språket vere aktivt i bruk.

På Humla vil vi dette året legge til rette for mykje høgtlesing. Bøker med eventyr, songar, rim og regle, ulike tema barna er opptekne av, tema om årstider eller markeringar av høgtidsdagar kan vere noko av det vi vil lese om.

Vi vil også nytte oss av ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon) som språkstøtte. Ask kan vere til dømes dagtavle, temaplansjar med bilete eller symbol som vi peikar på («peikeprating») og nyttar i tillegg til språket. Peikeprating kan støtte barna som ikkje har så mykje ord eller setningar sjølv.



Dette barnehageåret blir Humla ei avdeling med 17 barn i alderen 2 til 3 år. I ei slik «mellomgruppe» vil det vere ulike behov og brytningstid for mange av barna. Barnets behov for soving, do-gåing og smukk-ønsker kan vere veldig ulike i denne alderen. Dei har også generelt sterke meiningar om handlingane til dei rundt, både til vennar, foreldre og til oss vaksne i barnehagen.

Vi vil møte dette med å vere vaksne som har tydelege forventningar og er forutsigbare for barna. Samtidig skal vi ha ein relasjonell varme for barna. Det legg til rette for eit trygt og godt barnehagemiljø, som igjen fremmer sosial kompetanse (Roland, 2021).

BARNA:

Marius
Andrej
Fredrik
Vincenzo
Ella
Sara Teresa
Ine
Kornelia
Alvilde
Ada

BIKUBA

«Eg høyrer og gløymer, eg ser og hugsar, eg gjer og forstår»

Årets tema er bøker og eventyr og det betyr mykje lesing og dramatisering. Vi ønsker at barna skal få oppleve all den glede ei bok eller ei forteljing kan gi oss. Det kan vere både morosamt, skummelt og kanskje kan vi bli trist av det vi les. Vi kan også nytte bøker til å finne ut av ting vi lurar på, det kan vere namnet på ulike dinosaurar, kjøretøy eller dyr i jungelen. Ved å lese for barna aukar vi ordforråd og gir dei kunnskap om innhaldet i orda vi les. Vi vil også lese bøker på rim, lære ulike regler, sangar og vi vil la barna øve på å fortelje og lytte til kvarandre.



BARNA:

FØRSKULE- GJENGEN:

Noa
Lukas
Oliver
Micaiah
Phillip
Eline
Kaja
Mathilde S.
Mathilde M.
Ulrik
Bastian
Synne
Ailo
Eleah Mathilde

Det blir nokre aktivitetar som blir berre for førskulegjengen i løpet av året. Det er mellom anna julevandring, påskevandring og samarbeid med andre barnehagar og skule med tanke på overgang til skule.

Ein dag i veka vil førskulegjengen ha skoggruppe. Dagen ser da slik ut: Samling, påkledning, pakke sekk og gå tur i nærmiljøet. Når vi kjem tilbake til barnehagen skal vi gjenfortelje kva vi har gjort på, lage ei felles historie som vi skriv ned og alle skal få teikne i boka si.

Leiken har ein sentral plass i barnehagen og i kvardagen legg vi til rette for både fri og tilrettelagt leik. Leiken er ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Vi skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik, både inne og ute.

AUGUST

MoTo: Månadens bevegelse er koordinasjon

«TILKNYTNING OG OPPSTART»

I august startar vi opp med nytt barnehageår. Fleire av barna bytar avdeling og skal bli betre kjende med «nye» barn og ansatte. Andre barn er heilt ferske i Rørstadmarka og fleire begynner i barnehage for første gong. Alle barn er ulike, og medan nokre er klar for det nye spennande livet ganske raskt, er det andre som kan styre si begeistring. Begge deler er heilt vanleg. Personalet har ansvar for å leggje til rette for ein god start, og det viktigaste stikkordet i denne perioden er tryggleik. Vi ønsker at den første tida skal vere prega av rutinar, ro og forutsigbarheit.

Fokus denne månaden vil vere å bli trygg nok på si eiga avdeling, til at avskjeden med foreldra går fint. Barna vil etablere nye relasjonar og bli kjend med nye barn og vaksne.

Tips til føresette:

Du er den viktigaste premissleverandøren til barnet ditt når det gjeld tryggleik. Dersom du er roleg og positivt innstilt til barnehagen vil dette gjerne «smitte» over på barnet. Om du er nølande ved avskjed, eller usikker på situasjonen sjølv vil barnet truleg fange opp dette.

- Gje tydeleg beskjed til barnet når du går, ikkje snik deg unna.
- Om du ikkje høyrer frå personalet, men er nysgjerrig på korleis det gjekk etter at du tok avskjed – ikkje nøl med å ta kontakt på melding eller telefon.
- Om du lurar på noko som helst – spør!

VELKOMMENSANGEN

(Siri) er her,

Og (Arne) er her

Takk og pris for at (Tone) er her

I vår lille ring, har vi (Rune) også her.

Og (Stine) er her det er bra.

Hipp hurra



August 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
31					1 	2	3
32	4	5	6	7	8	9	10
33	11	12	13	14 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	15	16	17 
34	18 	19	20	21	22	23	24
35	25	26	27	28	29	30	31 

SEPTEMBER

MoTo: Månadens bevegelse er grunnleggande aktivitet

BRANNVERN

Kvart år markerer barnehagar og skular over heile landet brannvernveka i veke 38. I barnehagen ynskjer vi å bruke heile september på dette viktige temaet. Målet er å setje fokus på brannsikkerheit og gi barna ei gryande forståing av kva ein brann kan vere for noko og kva vi skal gjere dersom det byrjar å brenne. Vi ynskjer å bidra til at barna får gode haldningar rundt brannvern.

Brannøving er ein sjølvsgagt aktivitet som heile barnehagen deltar på. Då lyttar vi spesielt til alarmen og øver oss på å gå roleg ut av barnehagen og til samlingspunktet vårt. Øvrig informasjon og aktivitetar vert tilpassa dei ulike aldersgruppene. Aktuelle spørsmål til undring kan vere; «kva er røyk», «kvifor har vi brannøvingar», «kva kan brannvesenet hjelpe til med», «kva er eld, og kan den vere nyttig, farleg».

Brannvern kan knytast til fleire ulike fagområder, og vi skal ha ulike formingaktivitetar der barna får utfalde seg kreativt, lytte til musikk frå Bjørnis og danse, eller øve på å gå roleg ut, eller krype på golvet for å unngå røyk. Vi kan leite fram vannslangen ute og prøve å treffe fiktive flammar eller ha eksperiment som kan relaterast til tema. Elles vil vi og lese fleire bøker relatert til brannvern.

Tidlegare år har vi ofte vore heldig å få besøk frå det lokale brannvesenet. Då har dei kommt køyrande med brannbilen og vist fram både sirene, blålys og utstyr. Av og til har også Bjørnis tatt turen!



September 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
36	1	2	3	4	5	6 	7
37	8	9	10	11	12	13	14
38	15 	16	17	18	19	20	21
39	22	23	24	25	26	27 	28
40	29 	30					

OKTOBER

MoTo: Månadens bevegelse er kinetisk sans og auge-hand trening

HAUST

Støvlar, knitring i lauv, gult, oransje, raudt og brunt, mykje skiftetøy, sølekaker, blåbær og sopp. Vi snakkar sjølvstøtt om hausten. Temperaturen synk og naturen endrar farge. Lufta vert skarpare og våtare. I barnehagen skal vi bruke alle sansane når vi utforskar hausten. Det blir gjerne fleire turar i skogen og vi har fokus på kva vi kan finne der denne årstida. I tursekken pakkar vi ofte med oss faktabøker eller spennande eventyr som vi kan lese.

I oktober er det haustferie – frå gammalt av kalla potetferie. Vi er så heldige at dei eldste i barnehagen fleire år har vore invitert til Vedde for å besøke Marit (ein tidlegare ansatt i barnehagen) for å sette poteter. Og når hausten kjem drar vi tilbake for å hauste desse. Barna brukar å kome tilbake stolte og fornøyde etter desse turane og sjølvstøtt må vi lage noko godt av fangsten!



Tidleg på hausten er det lang tradisjon i barnehagen for ein felles hausttur. Då går nesten heile barnehagen, med unntak av dei aller yngste, på tur i skogen. Førskulegjengen har hovudansvar for turen og hjelp til med å bere ved og utstyr til turmålet. Vi tenner bål, griller pølser og leikar oss med ulike aktivitetar før vi går tilbake til barnehagen.

*Krystall-klare dager.
Ja, nå er det høst.
Sola står lavt
på himlen i øst.*

*Bladene gulner
på busker og trær.
Nå kan jeg plukke
frukter og bær.*

*Røysopp og risiker
og små kantareller.
Rognebær, nøtter
og ville moreller.*

*Sola den gløder
på himlen i øst.
Krystall-klare dager.
Nå er det høst.*



Oktober 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
40			1	2 	3	4	5
41	6	7	8	9	10	11 	12
42	13	14	15 	16 	17	18	19
43	20	21	22 	23  	24	26	26
44	27	28	29	30 	31 Barnehagen 22 år!		

NOVEMBER

MoTo: Månadens bevegelse er berøringssans

LIVET OG SÅNN

Livet og sånn – om følelsar og fellesskap:

I barnehagen jobbar vi aktivt for å støtte barna i å bli kjende med egne og andre sine følelsar. Gjennom prosjektet «Livet og sånn» brukar vi illustrasjonar, samtalekort, musikk og lek for å utforske kjensler på ein konkret og gjenkjenneleg måte. Følelsar er viktige signal om korleis vi har det, og det å kunne setje ord på egne kjensler er ein viktig del av barn sin prosess med livsmeistring.

Vi samtalar med barna om ulike følelsar som glede, sinne, redsel og tristheit, og etter kvart også dei meir komplekse som skam, skuld, ro og iver. Målet er å gi barna verktøy til å forstå seg sjølv og andre, og å skape ein trygg og open kvardag der det er lov å føle – og dele det ein føler.

Vaksne i barnehagen spelar ei sentral rolle i å støtte barna sine opplevingar.

Livet og sånn – om følelsar, fellesskap og det å vere menneske:

I barnehagen ønskjer vi å støtte barna i å forstå seg sjølv og andre. Livet og sånn gir oss gode verktøy til å snakke om følelsar, både dei lette og dei vanskelege. Vi jobbar med å kjenne igjen og setje ord på kjensler, finne løysingar i konflikhtar, seie unnskyld, og forstå kvifor vi kan føle oss utanfor.

Barna lærer også at familiane våre kan vere ulike, og at vi alle er forskjellige – og like mykje verd. Gjennom samtalar, lek, bilete og musikk får barna vere med og utforske det å vere ein del av eit fellesskap. Vi snakkar om det som er fint, men også det som kan vere vondt og vanskeleg.

Følelsar har som jobb å varsle oss om kva som er viktig for oss, om situasjonar som er farlege, om korleis vi har det her og no og om kva behov vi har.

Alle følelsar kjem med eit uttrykk, ein kroppsleg reaksjon, ein beskjed og eit behov. Viss vi skal kunne forstå beskjedane og møte behova på ein smart måte, er det lurt å vite noko om korleis dei ulike følelsane kjennes, kva dei vil fortelje oss og kva som gjorde at dei dukka opp.

Henta frå www.livetogsann.no



November 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
44						1	2
45	3	4	5	6	7	8	9 
46	10 	11	12 	13	14	15	16
47	17	18	19	20	21	22	23
48	24	25	26	27	28	29	30

DESEMBER

MoTo: Månadens bevegelse er hørselssans og finmotorikk

JUL OG TRADISJONAR

Desember i barnehagen – ei tid for lys, varme og fellesskap

Desember er ei heilt spesiell tid i barnehagen. Vi pyntar, syng julesongar og kosar oss med små og store tradisjonar. Kvar avdeling har si eiga adventsstund, og kvar veke samlast heile huset til felles adventssamling. Då syng vi saman, tenner lys og kjenner på den gode fellesskapskjensla.

Barna får lage julegåver og vi snakkar om kva det betyr å glede andre. Vi løftar fram ulike måtar å feire jul på, og at ikkje alle markerer jula likt – eller i det heile tatt. Dette gir rom for fine samtalar om mangfald, respekt og inkludering.

Vi syng, bakar, et nissegraut, går rundt juletreet – og håpar sjølv sagt på besøk frå sjølvaste julenissen!

Som ein del av tradisjonane våre i desember feirer vi Lucia og vi drar til kyrkja og deltek i julegudsteneste.

I alt vi gjer i desember legg vi vekt på fellesskap, undring, inkludering og glede – og på å gi barna gode og varme minner frå denne magiske tida.



*No tenner vi det første lys,
aleine må det stå.
Vi ventar på det vesle barn
i krubba lagt på strå.*

*No tenner vi det andre lys,
dei står der stilt og skin.
Vi ventar på at Gud, vår Far,
vil senda Sonen sin.*

*No tenner vi det tredje lys,
det er eit heilagt tal.
Vi ventar på at Kongen vår
skal fødst i ein stall.*

*No tenner vi det fjerde lys
og natta vert til dag.
Vi ventar på ein Frelsarmann
for alle folkeslag.*

Desember 2025



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
49	1	2	3	4	5	6	7
50	8 	9	10	11	12 	13	14
51	15	16	17 	18	19	20	21 
52	22	23	24 Julaftan, barnehagen stengt	25 1.juledag, barnehagen stengt	26 2.juledag, barnehagen stengt	27	28
1	29 Barnehagen stengt	30 Barnehagen stengt	31 Nyttårsaftan, barnehagen stengt				

JANUAR


MoTo: Månadens bevegelse er balansesans

VINTER

Vinter på Sunnmøre kan vere iskald og med mykje snø, eller den kan vere varierende med snøsmelting, vind, regn og varmegrader. Kjekkast er det om vi får kjenne litt på ordentleg vintervær, med dalande snøfnugg som treff kinna våra og himmelen har nydelege fargar som lagar magisk stemning og lyser opp snødekte tre. Snømengder som vi kan hoppe i eller lage snømannar av er også veldig kjekt! Uansett vær og føre, så er dette ei tid der det gir rom for å utforske, erfare og undre oss i lag.

Vi kan gjere erfaringar med kulde og frost til eksperiment som kan gi mange estetiske inntrykk og glede. Berre det å kaste kokvarmt vatn frå termos opp i lufta, og sjå at vatnet umiddelbart fryser til is! Eller å studere dyrespor i snøen! Eller skrive og teikne med is!

Spor i snøen kan vi sjølv også lage! Med nysnø på bakken legg vi igjen spor både på leikeplassen på barnehagen, i akebakken og elles der vi går tur. Vi får bruke synssans, berøringsans, smakssans og mange andre sansar i lek og aktivitetar i snø. Månadens MoTo-bevegelse er balansesansen som blir godt brukt når vi rullar, akar og bevegar oss i ulendt terreng.



Det snør, det snør

av Thorbjørn Egner

Det snør, det snør, tiddeli bom.

Det er det det gjør, tiddeli bom.

Nå snør det mye mer enn før

tiddeli bom og huttemeg tu.

Så kaldt det er, tiddeli bom.

Jeg kjenner det her, tiddeli bom.

Jeg kjenner det på mine tær

tiddeli bom og huttemeg tu.

Forslag til bøker eller eventyr vi kan lese:

-Skinnavotten

-Snøhumla Mille

-Karsten og Petras vinterbok

Januar 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
1				1 1. nyttårsdag, barnehagen stengt	2 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	3 	4
2	5	6	7 	8	9	10	11 
3	12	13	14	15	16	17	18
4	19	20	21	22	23	24	25
5	26 	27	28	29	30	31	

FEBRUAR

MoTo: Månadens bevegelse er koordinasjon

KARNEVAL

Februar kan framleis by på mykje fint vintervør, noke vi vil ta godt i bruk i utetida. Februar er også månaden skal vi ha det tradisjonelle karnevalet på barnehagen. I forkant av karnevalet vil vi førebu oss med aktivitetar knytt til denne. I følge rammeplanen skal barnehagen vere ein kulturarena der vi skal gje barna opplevingar med kunst, kultur og kreativitet. Karnevalet er ein av mange aktivitetar der barna får erfaringar i nettopp dette. Tema på karnevalet og gjennomføringa er ulikt år for år, men bruk av ulike formingsmateriale til dekorasjon, utkledning og lek byr på mange estetiske og skapande erfaringar saman. Kvar avdeling lagar egne kostymer, pyntar si eiga avdeling og lagar sin eigen piñata fylt med ei overrasking til alle barna!



Samanes nasjonaldag:

6. februar er det samanes nasjonaldag. I Rørstadmarka barnehage markerer vi dagen med felles samling og god mat. Vi ønsker å la barna få bli kjend med samisk kultur og verdsette mangfald.

Februar 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
5							1
6	2	3	4 	5	6	7	8
7	9	10	11	12	13	14 	15
8	16	17	18	19	20	21	22
9	23	24	25	26 	27	28 	

MARS

MoTo: Månadens bevegelse er stabilitet og balanse

PÅSKE

I barnehagen markerer vi påkehøgtida kvart år. Vi har kjekke påskeaktivitetar med både får maling, klipping og liming, og førskulegruppa blir invitert til påskevandring i kyrkja. Tradisjonen med påkeharen har også nådd Rørstadmarka barnehage. Barna synest det er artig å leite etter egget påkeharen har gøymd. Det kjem ein del refleksjonar rundt dette også som vi må vere med på.

I god tid før påske får barna vere med på å legge høneegg i rugekassa. Dei kan kjenne at den er varm og vi pratar om at det til vanleg er høna som skal gjere denne rugejobben. Det at egg kan bli til kyllingar er ikkje til å tru for barna. Det fører til mange spørsmål: «Kvifor er det ulike fargar på egg, og kvifor er ikkje alle kyllingane gule?» Barna i barnehagen gjer seg mange erfaringar, og mange av barna hugsar rugekassa frå året før når vi finn den fram. Dei pratar om kyllingane lenge etter at dei har flytta ut, og ekstra gøy er det om vi kan besøke kyllingane når dei har blitt vaksne høner. Vi følgjer barna i slike refleksjonar og tenker at prosjektet kan ha større betydning enn akkurat her og no.



Rett før påske inviterer vi foreldre / foresatte og søsken til påskefrukost i barnehagen, noko som er veldig koseleg for både store og små. Det er eit ganske enkelt frukostmåltid der det sosiale står i sentrum. Men høgdepunktet er nok kanskje å få vise fram dei ferske kyllingane til familien sin.



*En liten kylling i egget lå.
Den banket og banket og banket
på.*

*Her er så trangt, jeg vil ut og gå,
pep den og ynket seg der den lå.
Hakkehakkehakke!*

*Egget det sprakk!
Og et lite hode ut av det stakk.*

*Undrende sto den og tittet på
alt det den ute i verden så.
Solen den varmet og skinte på
marken og fugler og blomster
små.*

*Pip pip den sa,
jeg er så glad.
Trangt det var i egget,
men her er det bra!*



Mars 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSdag	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
9 / 10	2	3 	4	5	6	7	1/8
11	9	10	11 	12	13	14	15
12	16	17	18	19	20	21 	22
13	23	24	25 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	26	27	28	29
14	30 Barnehagen stengt	31 Barnehagen stengt					

APRIL

MoTo: Månadens bevegelse er kaste/sparke-aktivitet

VÅR

Våren er ei tid for mykje utforsking og undring. Det blir lysare for kvar dag, temperaturen blir varmare og rundt oss vaknar det eine etter det andre til liv etter vinteren. Naturen er i stor endring, vi ser trea blir grønne og blomstrane veks fram. Insekta kryp fram og fuglane syng. Det er ei spennande tid, og vi ser ofte endring frå dag til dag.

Når våren kjem er vi mykje meir ute i barnehagen. Barna lærer mykje av å vere ute i naturen og det mangfaldet den gir. Her kan vi byggje relasjonar og gode vennskap i leiken. Vi kan utforske og undre oss saman, og kose oss på tur i skog og mark. Kanskje sår vi frø som vi kan følge utover våren og sjå korleis ting gror, kanskje til og med noko vi kan hauste inn og spise.

Barna brukar sansane sine godt, og for dei yngste barna kan den minste lille kvist, stein eller blomst vere veldig spennande. Alt skal studerast, utforskast og kanskje til og med smakast på. Med alle sansane i bruk hentar barnet viktig informasjon som gir orda innhald og språket mening.

Ettersom barna blir eldre bygger dei vidare på sine interesser. Dei hentar ut meir erfaring, kunnskap og utvider språket sitt.

Insekt og andre kryp er alltid interessante, og pinnar ser ut til å ha høg verdi ut heile barnehagekarrieren.



*Lille Petter Edderkopp
han klatret på min hatt.
Så begynte det å regne
og Petter ned han datt.
Så kom solen og skinte på min hatt.
Da ble det liv i Petterkopp
som klatret på min hatt.*



April 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
14			1 Barnehagen stengt	2 Skjærtorsdag, barnehagen stengt	3 Langfredag, barnehagen stengt	4 Påskeaftan	5 1. påskedag
15	6 2. påskedag, barnehagen stengt	7	8	9	10	11	12
16	13 	14	15	16	17	18	19
17	20	21 	22	23	24	25	26 
18	27	28	29	30			

MAI

MoTo: Månadens bevegelse er hoppeaktivitet

RØRSTADMARKA BARNEHAGE, DET ER VI!

VI SYNGER OG LEIKER, ER ALLTID BLID!

HURRA, HURRA, HURRA!

UTELEIK OG TRADISJONAR

Våren held fram inn i mai måned og vi får forhåpentligvis mange fine og varme dagar. Naturen held fram med å vise seg fra si beste side, med grønne tre og blomstrar i store mengder. Vi ser fram mot feiring av nasjonaldagen 17. mai, tog og gode tradisjonelle uteleikar. Vi skal øve på songar til 17. mai og litt ekstra på barnehagen sitt heiarop. Vi teiknar opp og hoppar «paradis», har sekkeløp og «kast på boks». Barna lærer om kvifor vi feirar 17. mai, vi pyntar barnehagen både inne og ute, og har ulike formingsaktiviteter knytt til dette. Før den store dagen er her, har vi tradisjonen tru ein «prøve-17. mai» i barnehagen. Da hentar vi fram barnehagefana vår, går i tog i nabolaget og syng for full hals. Etterpå serverer vi pølser i brød, saft og is, og lagar til ulike 17-mai leikar på leikeplassen vår.

No i mai begynner vi å sjå litt mot neste barnehageår. Mellom avdelingane avtalar vi fleire besøk slik at barna kan bli litt betre kjent på avdelinga dei skal starte på i august, og med dei vaksne som jobbar der. I denne perioden blir også barn som skal begynne i barnehagen i august invitert til nokre besøksdagar.

Førskulebarna har allereie hatt fleire møter med skulen gjennom samarbeidet «barnehage-skule» som går gjennom året. No i mai er det «innskulingsdagar» i regi av skulen som er veldig spennande å få med seg.



Mai 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
18					1 Offentleg høgtidsdag, barnehagen stengt	2	3
19	4 	5	6	7	8	9	10 
20	11	12	13	14 Kristi himmelfarts- dag, barnehagen stengt	15 Planleggingsdag for personalet, barnehagen stengt	16	17  Grunnlovsdag!
21	18	19	20	21	22	23 Pinseften	24 1. pinsedag
22	25 2. pinsedag, barnehagen stengt	26	27	28	29	30	31

JUNI

MoTo: Månadens bevegelse er uteaktivitet

«SKOG, MARK OG FJØRE»

Vi er jammen heldige som har kort veg til skog, mark og fjøre- uansett føre!



Vi har eigen naturleikeplass i skogen ved Lømyra. Der har vi to gapahukar, bål plass, hengekøye, disser og balansestokkar. I tillegg er det mange busker og tre som blir om til både hus og andre bygningar når rolleleiken får blomstre. Eller vi kan bruke dei til å finne den aller beste gøyme plassen når vi leikar gøyme og leite.

Går vi mot skulen så kjem vi til Veddemarka. Der finn vi fleire stiar som tek oss både til Trollskogen, Raudavatnet, Gjølavatnet og mot Fiskarstrandhyttene. Her må vi følge stien, balansere og kanskje hoppe frå stein til stein for å unngå gjørme. Går vi andre vegen kjem vi til Rullemarka, der kan vi rulle og rulle og rulle. Vi kan også klatre på steinmuren og vi kan bygge oss eit eige hus av alle pinnane vi finn.

Ein litt lengre tur tar oss til sjøen og fjøra. Der finn vi både krabber, sjøstjerne og tangloppe. Vi får også erfaring med at ein blir våt på føttene om vatnet kjem over støvelkanten og at båtane som går forbi lagar bølger i vatnet.

Nærområde vårt har altså mange flotte turplassar som vi nyttar oss av. Dei yngste går kortare turar, medan dei eldre barna kan gå lenger. Når vi er på tur får vi sjå, kjenne, lukte og kanskje smake på ting som vi ikkje har innanfor gjerdene i barnehagen. Vi får motorisk øving og kjennskap til fleire ord og uttrykk. I tillegg får vi felles opplevingar i lag med gode venner.

*Hysj, kan du høre gresset gro?
Hysj, kan du høre en meitemark som lo?
Hysj, kan du høre en maur gå forbi?
Da skal du være helt stille og si:
Hei, alle insekter, alle små dyr,
dere som kryper og kravler og kryr,
jeg er et menneske og jeg er snill,
vær i min hage så lenge du vil!*

*Hysj, vi må være stille nå,
ingen må skremme de mange tusen
små, og når det kommer en bille forbi,
da skal du vinke med hånden og si:
Hei, alle insekter, alle små dyr,
dere som kryper og kravler og kryr,
jeg er et menneske og jeg er snill,
vær i min hage så lenge du vil!*

Jarl Goli



Juni 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
23	1	2	3	4	5	6 	7
24	8	9	10	11	12	13	14
25	15	16	17	18	19 	20	21
26	22	23	24	25 	26	27	28
27	29	30					

SOMMARTID!

JULI



*Sola er god,
sola er toppen,
sola er varm
og den bruner på kroppen.
Sola den skinner
hver morgen for meg,
sola på Sula er best synest jeg!*

*Nå skinner sola i vinduskarmen
og katta maler som aldri før.
Den ligger langflat og kjenner
varmen
og er ei katte i godt humør.
Heisann og dudliatten tei,
for sola og deg og meg!*

*Sol, sol, kom igjen.
Sola er min beste venn!
Vekk med skyer, paraplyer,
hold nå opp å regne!*

I juli er det tid for ferieavvikling for store og små i barnehagen. Med færre barn og voksne på huset samarbeidar vi mellom avdelingane.

Desse vekene har vi gjerne felles turar og utflukter, samlingar og aktivitetar. Vi håper på ein varm og fin juli månad, med mykje utetid.

Hugs solkrem, solhatt og drikkeflaske!

Juli 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
27			1	2 	3 	4	5
28	6	7	8	9	10 	11	12
29 Bhg = sommar- stengt denne veka	13	14	15 	16	17  	18	19 
30 Bhg = sommar- stengt denne veka	20	21 	22	23	24	25 	26
31	27	28	29	30	31		

AUGUST

1. august startar det nye barnehageåret. Nye barn fyller plassane til barna som er ferdige med si tid i Rørstadmarka barnehage. I denne tilknytningstida skal barna bli kjent med både dei vaksne som jobbar her og med barna dei skal vere i lag med kvar dag.

Leik og vennskap er viktig, og saman med aktive vaksne har vi fokus på å skape gode relasjonar i lag. Det blir også turar i nærmiljøet til barnehagen.



August 2026



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
31/36	31					1	2
32	3	4	5	6	7	8	9
33	10	11	12	13	14	15	16
34	17	18	19	20	21	22	23
35	24	25	26	27	28	29	30

OVERGANGAR

HEIM - BARNEHAGE

Om våren inviterer vi nye barn og foreldre til å kome på besøk her i barnehagen. Da får ein helse på personale, sjå seg rundt i barnehagen og møte andre som skal begynne til hausten.

Når barnet begynner i barnehage skal barnehagen legge til rette for at barnet får ein trygg og god start. Dei første dagane er svært korte, og vi vurderer saman med foreldra kor tid dei kan dra. Det skal skje ei tilknytning mellom det nye barnet, personalet og dei andre barna.

MELLOM AVDELINGAR

Mot slutten av barnehageåret er det klart korleis dei nye barnegruppene kjem til å bli neste barnehageår. Dei barna som skal bytte avdeling, besøker si «nye» avdeling saman med ein vaksen frå si avdeling. Slik får barna tid og rom til å bli betre kjent med andre barn og personale.

BARNEHAGE - SKULE

For å få til ein god overgang frå barnehage til skule har vi eit samarbeid med skulen barna skal begynne på. Det blir arrangert fleire treff der barna får leike i lag med skulebarn, møte vaksne som jobbar der og sjå seg rundt både inne på skulen og bli kjent med skulen sitt uteområde.

I lag med Måseide barnehage har vi mange barn som skal begynne ved Rørstadmarka skule dette året. I samarbeid med skulen lagar vi eit samarbeid gjennom året som skal sikre at barna blir litt kjent med skulen og med dei barna dei skal bli førsteklassingar i lag med. Barn som soknar til andre skular i kommunen får følgje det samarbeidet dei legg opp til med barnehagane.




BARNEHAGERUTE

2025 / 2026

Barnehagane i Sula har fem planleggingsdagar for personalet kvart barnehageår. Desse dagane er barnehagen stengt.

Månad	Merknad
2025	
August	<i>Første dag i nytt barnehageår er torsdag 1. august. Planleggingsdag torsdag 14. august. Barnehagen er stengt på planleggingsdagane.</i>
September	
Oktober	<i>Barnehagen har ope i haustferien veke 41 (6. - 10. oktober)</i>
November	<i>Planleggingsdag mandag 10. november, barnehagen er stengt</i>
Desember	<i>Siste dag i barnehage før jul: tirsdag 23. desember. Barnehagen har stengt arbeidsdagane mellom jul og nyttår.</i>
2026	
Januar	<i>Planleggingsdag fredag 2. januar, barnehagen er stengt Første dag i barnehagen etter jul: mandag 5. januar</i>
Februar	<i>Barnehagen har ope i vinterferien veke 8 (16. - 20. februar)</i>
Mars	<i>Planleggingsdag onsdag 25. mars, barnehagen er stengt</i>
April	<i>Barnehagen har stengt arbeidsdagane i påskeveka (30. mars - 1. april). Første dag etter påske: Tirsdag 7. april.</i>
Mai	<i>Planleggingsdag fredag 15. mai, barnehagen er stengt</i>
Juni	
Juli	<i>Barnehagen er stengt i veke 29 og 30.</i>
August	<i>Siste dag for barna dette barnehageåret er fredag 31. juli. Nytt barnehageår startar 1. august, oppstart mandag 3. august</i>



- du finn oss i skog,
mark og fjøre, uansett føre!

Progresjon i barnehagen - alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang

Fagområder	1 - 2 - ÅR	2 - 4 ÅR	3 - 5 ÅR	5 - 6 ÅR
Kommunikasjon, språk og tekst - «Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet»	Verbalt og nonverbalt språk. Den vaksne som språkmodell, rim og rytme.	2-3 ordsytringar, betre artikulasjon, høgtlesing, eventyr, rim og regler.	Lytte, vente på tur, bruke ord og føre samtale.	Gjenfortelje, beskrive, begynnande interesse for å skrive.
Kropp, rørsle, mat og helse - «Gjennom kroppsleg aktivitet lærer barna verda og seg sjølv å kjenne»	Bli kjent med kroppen og få positiv sjølvoppfatning.	Meistre på- og avkledning, øve opp kroppskontroll.	Vurdere og meistre risikofylt leik, finmotorikken veks.	Kunnskap om menneskekroppen, eigne og andre sine grense, sunt kosthald.
Kunst, kultur og kreativitet - «Å vere saman om kulturelle opplevingar eller skape noko felles, bidreg til å høyre saman»	Kjennskap til og kunne uttrykke seg gjennom forming, musikk, dans og drama.	Bli kjent med ulike uttrykksformer i forming, teater, musikk,...	Barna dramatiserer, uttrykker seg og formidlar gjennom kunst, kultur og estetikk.	Utviklar evne til å bearbeide og kommunisere sine uttrykk gjennom skapande verksemd.
Natur, miljø og teknologi - «Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i alt slags ver»	Få positive opplevingar i og om naturen, i alt slags ver.	Lære seg gode haldningar og respekt for naturen. Ta i bruk digitale verkty.	Begynnande kjennskap til naturen og menneskets livssyklus. Kunne bruke tilgjengelig teknologi.	Begynnande forståing for omgrepet "bærekraftig utvikling" og menneskets samspel med naturen.
Mengd, rom og form - «Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin grunnleggjande matematisk kompetanse»	Få forståing for samanheng mellom nære ting.	Utforske og oppdage matematikk i dagleglivet.	Oppdage og bli kjent med mønster, former og matematiske omgrep i dagleglivet.	Talrekka, motsette omgrep (størst-minst) og bli kjent med måleiningar.
Etikk, religion og filosofi - «Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdier, normer og haldningar»	Opplere seg sett hørt og forstått.	Meistre og finne glede i samvær og samspel med andre.	Respektare andre, hevde seg sjølv og eigne behov.	Formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.
Nærmiljø og samfunn - «Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring»	Lære namn på seg sjølv og få oversikt over kven som er i familien.	Få betre oversikt over familien og nærmiljøet.	Namn på familiemedlemmar, plassere barnehagen i nærmiljøet og begynnande forståing for eiga plassering i fellesskapet.	Plassere seg sjølv i heimemiljøet og i nærmiljøet, samfunnet og verden.